

MØTE I FEIOS SOKNERÅD MÅNDAG 1. MARS 2021 KL 1900 I FEIOS KYRKJE

Desse møtte: Monica Feidje Midlang, Maria Tveit Lunde, Leif Eikeland, Åse Grindedal
Rasmus Bolstad, Astrid Tveit, Gjertrud Samland (digitalt)

Sak 1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent

Sak 2/21 Godkjenning av møtereferat frå sist møte 30. september 2020

Referatet er godkjent.

Sak 3/21 Gudstenesteplan med framlegg til vertar og offer

- | | | |
|-------------|------------------------------|-------------------------------|
| ▪ 28.feb: | Offer: Trusopplæringa i Vik, | kyrkjevert: Monica Midlang |
| ▪ 1.april: | Offer: Sjømannskyrkja | kyrkjevert: Maria Tveit Lunde |
| ▪ 25.april: | Offer: Sygna | kyrkjevert: Åse Grindedal |
| ▪ 16.mai: | Offer: Ungdomsklubben | kyrkjevert: Gjertrud Samland |
| ▪ 13.juni: | Offer: ? | kyrkjevert: Monica Midlang |

Sak 4/21 Konfirmasjon

Konfirmasjonen er utsett til 12.september kl.1000

Sak 5/21 Årsmøte og dugnad på kyrkjegarden

- Årsmøte: Etter gudstenesta 25.april (Gjertrud annonserer)
- Dugnad på kyrkjegarden: torsdag 6.mai, kl.1700 (Gjertrud annonserer)

Sak 6/21 Ungdomsklubben

Britt Inger Eikeland har ansvar for ungdomsklubben. Saman med Trond Kråvik og elevar frå Sygna organiserer ho matservering og diverse aktivitetar siste onsdag i kvar månad. Det er kjøpt inn diverse utstyr med midlar som er øyremærka til ungdomsarbeid. Korona har hindra deltaking frå Vangsnes, me håpar at dette løyser seg når koronatida er over. Britt Inger ynskjer å markedsføre klubben og dokumentere aktiviteten. Monica samtalar med Britt Inger om kva kanalar ein kan bruke og hentar inn løyve til å leggje ut bilete av ungdomane.

Sak 7/21 Førebu årsmøte

Astrid har oversikt og kontroll på rekneskapen. Monica lagar årsmelding.

Sak 8/21 Vassproblem

Leif Eikeland informerte om problemet med vatnet som frys om vinteren. Kyrkja er abonnent hjå Feidje vassverk og er kopla til hovudledningen i ein kumme ved gnr 159/20 (Kristin Ytre-Arne). Vatnet går herifrå i eit elvestadrør til kyrkja. Røyrene ligg grunt og varmekabelen i røyret er defekt. Tidlegare kosta eigarane av gnr 159/20 straumen. Leif tek kontakt med teknisk etat og ordførar for å få utbetre skaden. Han prøver vidare å få til ei ordning med minusmålar og at kommunen dekkjer straumkostnadane. Gjertrud informerte om Feidje vassverk sin prosess med å få i stand ein intensjonsavtale om kommunal overtaking av Feidje vassverk. Det er viktig at kyrkja gjev uttale i denne prosessen med håp om at ein raskare får løyst dei vedvarande problema med vatn. Soknerådet lagar ein høyringsuttale når planen for vatn og avløp vert lagt ut til offentleg høyring. Ved gudstenesta 28.februar gjorde Feidje vassverk ein avtale med Rinde vassverk om å kople kyrkja til deira vassverk.

Sak 9/21 Innsparingar

Politikarane har bede om ei innsparing på kr 300000. Leif informerte om fellesrådet sine drøftingar og at lite aktivitetar i koronaperioden har ført til eit lågare forbruk. Fellesrådet kjem truleg med 4

ulike innspel til kommunen. Eit av desse er samarbeid med Sogndal kommune. Sogndal ynskjer å ta oppatt tråden med å ha felles kommunale tenester og vil kome med eit nytt tilbod i løpet av våren.

Sak 10/21 Ymse

Soknerådet har grunna korona hatt fåe møter. Kommunikasjonen har gått via epostgruppa. Denne er er no også presten kopla til.

Soknerådet har søkt midlar frå Feios bygdelag.

Me held fram arbeidet med å få på plass informasjonstavle innan fristen. Leif har dialog med Eurosilt om design av ei vedlikeholdsfri informasjonstavle. Ein er også i kontakt med Jan Magne Rinde om design og tekst. Rapporteringsfristen til kommunen har Monica kontroll på.

Organisten har teke initiativ til digital streaming av gudstenester og musikalske innslag frå kyrkja. Sjølv om det ikkje vart noko av det på gudstenesta 28.februar, er soknerådet svært positive til dette. Soknerådet diskutert godtgjerdse til dei som held musikalske innslag i kyrkja. Me landa på at me ikkje vil betale honorar, men kan vere opne for blomst eller liknande ved særskilde høve. Det er fint om namn på musikarar kan stå i annonseringa. Soknerådet drøfta at det kan vere vanskeleg å annonsere gudstenestene når me ikkje har all informasjonen. Monica sender epost til kyrkjekontoret med kopi til organisten for å høyre om kyrkjekontoret kan ta seg av annonsering av gudstenestene slik at musikarar, prest og smittevernsreglar vert rett. Me skal sjølvstøtt vere behjelpelege med å hengje opp plakatar.

Monica etterlyste den svarte gravferdskappa. Den tilhøyrer Feios kyrkje og kan lånast ut, men den bør hengast på plass etter utlån.

Leif har gjort ein stor og viktig jobb med vedlikehaldsarbeidet på kyrkja. Soknerådet gav han ei gåve til jul som takk for innsatsen.

Det er planlagt ein konsert gjennom Folkeakademiet i i sept/oktober. Soknerådet er bedne om å samarbeide ved denne.

Det bør investerast i ny alterduk. Den som ligg på alteret no er laga av lokale krefter, men er heilt morken. Det er semje om å byte om til reserveduken medan det vert jobba med å lage ein tilsvarande duk. Astrid og Britt Inger snakkast og prøver å få tak i skreddarar.

Sak 17/20: Soknerådet tek tak i og fullfører utbetringa av uteområdet i løpet av våren. Hellegangen ved bårhuset må ordnast og ein bør vurdere å ta ned bjørketrea ved nedste kyrkjegarden.

Sak 16/20: Lydanlegget i kyrkja har me ikkje fått gjort noko med. Gjertrud tek kontakt med Loftet i Sogndal for å høyre om dei har nokre tilbod.

Maria Tveit Lunde skal flytte og melder fråfall frå juni. Monica tek kontakt med kyrkjekontoret slik at dei kan varsle 1. og 2.vara.

Åse og Astrid er valde som representantar til å vere med i ei gruppe som skal utarbeide ein felles litturgi i kommunen.

Soknerådet diskuterte korleis ein kan få folk til kyrkje att. Markedsføring og invitasjon av ulike grupper t.d. kvardagsskule, kulturskule, bruke konfirmanter som ministrantar, born og unge er tiltak som bør prøvast.

Møteslutt: 2130

Referent: Gjertrud Samland